



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval:	Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad:	Rådhuset
Dato:	08.04.2026
Tid:	Kl. 13:00 - 14:25

Følgande medlemmer møtte Parti

Arne Løtvedt	-
Kristin Sandvik	-
Tore Haaland	-
Lilleland, Wenche S	AP
Berge, Geir Erik	H

Forfall	Parti	Varamedlemmer	Parti
Nesheim, Ragnar	-		
Synneva Langhelle	-	Anne Marie Roda	

Møtenotat:

Innkalling og saksdokumenta vart sendt medlemmene 30.03.2026.

Møte vart leia av Wenche Sandbekken Lilleland.

1 av medlemma har permisjon, Synneva Langhelle, varamedlem Anne Marie Roda møtte. Ragnar Nesheim møtte ikkje opp.

Møtet i REF blei difor halde med 6 medlemmer, vedtaksføre.

Frå administrasjonen:

Nils Erik Eide, kommunalsjef for oppvekst.

Mona Kristin Haraldseid - politisk sekreteriat.

Kommentar til innkalling: Ingen

Kommentar til saksliste: Ingen

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
009/26	Godkjenning av møteprotokoll
010/26	Referatsaker
011/26	Orienteringssaker
012/26	Tilstandsrapport Etne Vindafjord barnevernteneste 2026
013/26	Følgjekort - retningslinjer
014/26	Spørsmål til administrasjonen

009/26 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent som han ligg føre.

08.04.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Møteprotokollen vart einstemmig vedteke med 6 stemmer.

REF - 009/26 Vedtak:

Møteprotokollen frå forrige møte vart godkjent som han ligg føre.

010/26 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

08.04.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Møteleiar Wenche Lilleland orienterte medlemmene i REF om sak 006/26 *Brev til kommunalt råd for funksjonshemmede* : "Egenandel og oppsettende virkning BPA" .

Ho informerte dei også om at ho hadde sendt inn eit spørsmål til administrasjonen vedrørande dette temaet til kommunestyremøtet 14.04.2026.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke med 6 stemmer.

REF - 010/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

011/26 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

08.04.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Ingen.

REF - 011/26 Vedtak:

012/26 Tilstandsrapport Etne Vindafjord barnevernteneste 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kommunestyre tek saka til orientering.

08.04.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Medlemmene i REF hadde ein del spørsmål dei ville hatt orientering om i denne saka. Kommunalsjef for oppvekst, Nils Erik Eide var til stades under handsaminga av saka og svara ut nokre av spørsmåla.

Leiar for Barnevern Turid Askeland vil bli kalla inn til neste møte i REF 04.06.2026, for å svara ut det medlemmene spela inn under handsaminga.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke med 6 stemmer.

REF - 012/26 Vedtak:

REF tek saka til orientering.

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Turid Askeland, einingsleiar barnevern orienterte om saka før handsaming.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 012/26 Vedtak:

OPOM tek tilstandsrapport Etne Vindafjord barnevernteneste 2026 saka til orientering.

013/26 Følgjekort - retningslinjer

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek retningslinjer for følgjekort slik dei følgjer av vedlegget i saka.

08.04.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke med 6 stemmer.

REF - 013/26 Vedtak:

REF vedtek reningslinjer for følgjekort slik dei følgjer av vedlegget i saka.

23.03.2026 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke med 7 stemmer.

OPOM - 015/26 Vedtak:

OPOM vedtek reningslinjer for følgjekort slik dei følgjer av vedlegget i saka.

014/26 Spørsmål til administrasjonen

08.04.2026 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Ingen.

REF - 014/26 Vedtak: